Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2021/4140-4
**Dato** 17.03.2021

ÅSMUND JOHNSEN BIRKELAND
YTRE HAUGSDAL 19
5986 HOSTELAND

# Svar – orientering om saksgang for søknad om utvida bruk av avkøyrsle - gnr 1 bnr 1 - fv 570 Fensfjordvegen - Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune viser til mottatt søknad om utvida bruk av avkøyrsle knytt til eigedom gnr. 1 bnr. 1 i Masfjorden kommune. Vi mottek søknad som eigar og forvaltar av fylkesveg 570 Fensfjordvegen.

Det er søkt om frådeling av areal til parkering på eigedom gnr. 1 bnr. 73. Arealet skal nyttast som tilleggsareal til same eigedom.

Tiltak er tidlegare varsla i nabovarsel den 5.3.2021. Vestland fylkeskommune skreiv i sin uttale til nabovarsel at søknad om frådeling av tomt skal sakshandsamast av Masfjorden kommune, og at Vestland fylkeskommune vil kome med ein uttale til saka når vi mottek den frå kommunen. Dette er fordi tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremål i kommuneplanens arealdel.

Når dispensasjonsspørsmålet er avklart i kommunen, kan fylkeskommunen behandle søknad om avkøyrsle. Til dette treng vi fleire opplysningar:

1. Kor mange parkeringsplassar skal det byggast og kor mykje trafikk vil dette medføre?
2. Du må sende situasjonsplan som syner utforming av avkøyrsle som det er ønske å utvide bruk av.

**Vidare saksgang**
Søknad om frådeling skal sendast Masfjorden kommune. Det er som nemnd tidlegare kommunen som så sender saka til oss til uttale. Dei er difor sett på kopi i dette svarbrevet.

Ta kontakt dersom det er noko du lurar på. Eg kan nås på både telefon og mail.
Sara.nordahl@vlfk.no
47 78 18 05

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

| Telefon | E-post | Heimeside | EHF-Fakturaadr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|
| 05557 | post@vlfk.no | www.vestlandfylke.no | 821311632 | 821 311 632 |

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE Austfjordvegen 2724